

Til Strandebarm med nytt korstoff

22.03.2012

I helga er Røysterett for alle invitert til Strandebarm songlag med konsert på Tangerås. Koret vil framføra mykje nytt stoff mellom anna to av Maria Malmsten sine nyskrivne melodiar til Folkemusikkveka 2012. Dette gjeld Bruremarsj til Alta og ein reinlender Svein Rimestad har skriva tekst til, Reinlender på Herøysundmåten.

Av nytt innøvd korstoff må vi og nemna tre viser vossingen Per Indrehus har laga melodi til og arrangert. Det er klassiske tekstar av Hans Børli, Kristoffer Uppdal og Andre Bjerke.

Rosina i bølsa er likevel ein omarbeidd og lokal versjon av Sommer i Tyrol gjort av Jardar Skaadel frå Ølve. Innhaldet er då henta frå fjordhotellet i Strandebarm.

Haldor Tveit spelar trekkspel til. Det gjorde han og for mange år sidan då Røysterett for alle framførte den same songen.

Ein av songarane i koret, Arnhild Myklebust, kjem frå Strandebarm. Ho kjem heim til sine egne og har alt førebudd bygda på gjestekoret frå Uskedalen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal